





| JØLSTER KOMMUNE | | MØTEBOK | | | |
|---|--|---|-----------------|--|-------|
| KONTROLLUTVALET I JØLSTER KOMMUNE | | | | | |
| Møtestad: | | Møtedato: | 15.02.2011 | Frå kl.: | 09:00 |
| | Rådhuset på Skei (møterom 1) | | | Til kl.: | 10:50 |
| Faste medlemmer i Kontrollutvalet: | | | | | |
| | | Møtte: | Forfall: | Merknader: | |
| 1. Arne Sandnes, Myklebust, 6847 Vassenden. (leiar) | | X | | | |
| 2. Anders Eikås, Eikås, 6847 Vassenden. (nestleiar) | | X | | | |
| 3. Håkon Bergum, 6847 Vassenden. | | X | | | |
| Personlege varamedlemmer: | | | | | |
| | | Møtte: | | | |
| 1. Solrunn Dvergsdal, 6843 Skei i Jølster. | | | | | |
| 2. Borghild Sætre, Sagevegen 34, 6847 Vassenden. | | | | | |
| 3. Normann Aarseth, 6847 Vassenden. | | | | | |
| Ordføreren har møte og talerett i utvalet: | | | | | |
| Ordfører Gerd Dvergsdal og rådmann Ingvild Hjeltnveit får tilsendt møteinnkalling til utvalet sine møter. | | | | | |
| Andre som møtte: | | | | | |
| SEKOM-sekretariat Asgeir Tveit | | | | | |
| Ordfører Gerd Dvergsdal. | | | | | |
| Saker som vart handsama / drøfta i møtet: | | | | | |
| SAKLISTA I MØTET: | | | | | |
| Godkjenning av sakliste og møteinnkalling. | | | | | |
| 001/11 | Skriv og meldingar. | | | | |
| 002/11: | Møteplan 2011 | | | | |
| 003/11: | Årsmelding 2011 – kontrollutvalet. | | | | |
| 004/11: | Vurdering av oppdragsansvarleg revisor si uavhengigheit. | | | | |
| 005/11: | Fullmakt til FKT om å leggje ut rapportar på heimeside. | | | | |
| 006/11: | Oppfølgingsliste 1-2011 – Jølster. | | | | |
| 007/11: | Eventuelt. | | | | |
| 008/11: | Orientering sektor for Pleie og Omsorg. | | | | |
| Merknader: | | | | | |
| Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste | | | | | |
| UNDERSKRIFTER: | | | | | |
| 6843 Skei i Jølster 15.02.2011. | | | | | |
|  | |  | |  | |
| Arne Sandnes, leiar | | Anders Eikås | | Håkon Bergum | |
|  | | | | | |
| Asgeir Tveit, sekr. | | | | | |

001/11 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 07.02.2011.

| Utval | Dato | Utv.- Saknr. | Status | Vedtaks- organ |
|-----------------|------------|-----------------|--------|-------------------|
| Kontrollutvalet | 15.02.2011 | 01/11 | - | Ja |
| Formannskap | - | - | - | Nei |
| Kommunestyret | - | - | - | Nei |

Saksvedlegg

SM 01-11: Vedtak kst. Sak 072/10 Finansreglement – 2010.

SM 02-11: Årsrapport for 2010 frå Skatteoppkrevjaren i Jølster.

SM 03-11: Brev frå KRYSS-revisjon til Jølster kommune om Rådmann sitt tilsyn i forhold til risiko for misleghald, datert 05.01.11.

SM 04-11: Brev frå KRYSS-revisjon til Jølster kommune om avslutning av årsrekneskapen for år 2010.

SM 05-11: Medlemsbrev nr 1/11 FKT.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:

002/10 MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET I JØLSTER 2011

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø SEKOM- sekretariat

Dato: 06.01.2011

| Utval | Dato | Utv.- Saksnr. | Status | Vedtaks- organ |
|---|------------|------------------|--------|-------------------|
| Kontrollutval Formannskap Kommunestyret | 15.02.2011 | 002/11 - | - - | Ja |

Saksvedlegg.

- Forslag til møteplan 2011.
- Møtekalender for Jølster kommune.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Møteplan for kontrollutvalet i Jølster for 2011 vert godkjent.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Møteplan for kontrollutvalet i Jølster for 2011 vert godkjent.

Saksutgreiing

MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET I JØLSTER 2011

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Møteplan for kontrollutvalet i Jølster for 2011.

Saksopplysningar:

Forslag til møteplan er vedlagt.

I arbeidet med å koordinere møta til kontrollutvala i SEKOM-sekretariat sitt område, for den langsiktige planlegginga sin del og for at kontrollutvalsmedlemene skal kunne koordinere sine planar og gjeremål, har ein funne det tenleg å lage planar for kva tid kontrollutvalsmøta skal haldast i 2011 i dei ulike kommunane. I planen for kvar kommune er det, under føresetnad av at det ikkje vert endringar i desse, teke omsyn til kva tid det skal vere formannskaps- og bystyremøte. Planen må sjåast på som eit utgangspunkt for kva tid det skal vere møte. Det kan kome endringar som følgje av saker som kjem på og som hastar eller av andre årsaker. Møteinnkalling vil alltid bli sendt ut i førekant av møte, og hovudsakleg skal dette skje minst ei veke før møtet vert halde.

Sekretariatet sine vurderingar:

MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVAL JØLSTER KOMMUNE 2011

| IMÅNAD | JAN | FEB | MAR | APR | MAI | JUN | JUL | AUG | SEP | OKT | NOV | DES |
|---------------|-----|-----|-----|-----|-----|-----|-----|-----|-----|-----|-----|-----|
| KONTROLLUTVAL | | 15. | | 29. | | | | | 27. | | 16. | |
| FORMANNSKAP | 18. | 22. | 10. | 5. | 10. | 7. | | 30. | 13. | | | |
| KOMMUNESTYRE | | | 22 | | | 21. | | | 27. | 18. | | |

003/11 ÅRSMELDING 2010 FRÅ KONTROLLUTVALET I JØLSTER

Sakshandsamar: Asgeir Tveit SEKOM- sekretariat

Dato: 07.02.2011

| Utval | Dato | Utv.- Saksnr. | Status | Vedtaks- organ |
|---------------|------------|------------------|--------|-------------------|
| Kontrollutval | 15.02.2011 | 003/11 | - | Nei |
| Formannskap | | - | - | Nei |
| Kommunestyret | | - | - | Ja |

Saksvedlegg.

- Framlegg til årsmelding 2010 frå kontrollutvalet

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Årsmelding 2010 frå kontrollutvalet i Jølster kommune vert godkjent.

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

- Årsmelding 2010 frå kontrollutvalet i Jølster kommune vert godkjent.

Saksutgreiing

ÅRSMELDING 2010 FRÅ KONTROLLUTVALET I JØLSTER

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Årsmelding 2010 frå kontrollutvalet til kommunestyret

Saksopplysningar:

Årsmelding frå kontrollutvalet er vedlagt.

Årsmeldinga vert stila til kommunestyret og er eit ledd i rapporteringa til dette organet. Jfr. kml. § 77 pkt. 6 som seier at kontrollutvalet skal rapportere resultatet av sitt arbeid til kommunestyret.

Årsmeldinga inneheld opplysningar om medlemmer i kontrollutvalet, kven som har vore sekretariat for kontrollutvalet, oppgåvene til kontrollutvalet etter kommunelova §77 og forskrift til denne, omtale av saker som har blitt handsama og informasjon om arrangement kontrollutvalsmedlemene har delteke på.

Årsmeldinga skal vedtakast av kommunestyret.

Sekretariatet sine vurderingar:

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gloppen, Gaular, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Jølster kommunestyre

ÅRSMELDING 2010 FRÅ KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet til Jølster kommune har i år 2010 vore samansett slik:

Medlemer:

Arne Sandnes (leiar)

Anders Eikås

Håkon Bergum

Varamedlemer:

Solrunn Dvergsdal

Borghild Sætre

Normann Aarseth

SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø og Asgeir Tveit har vore sekretariat for kontrollutvalet i 2010.

Virkeområda til kontrollutvalet er fastsett i kommunelova § 77. Til denne paragrafen er det laga eiga forskrift; "Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar" av 15. juni 2004. Kontrollutvalet har som intensjon å utføre kontroll- og tilsynsarbeidet, som inneber å føre tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret og sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, i samsvar med dette lovverket.

I 2010 har kontrollutvalet i Jølster hatt fem møte der det er handsama i alt 32 saker.

Kontrollutvalet har i 2010 tinga forvaltningsrevisjonsprosjektet "Verknad av organisasjonsendring ved pleie og omsorgstenesta i 2006" frå KRYSS-revisjon. Rapport for prosjektet skal leverast 1. halvår 2011.

I 2010 har kontrollutvalet følgd opp kommunestyret sitt vedtak om rapport etter eigarskapskontroll i Sunnfjord Miljøverk IKS. Kontrollutvalet si sak vart sendt kommunestyret til orientering.

Kontrollutvalet har i 2010 gjennomført eigarskapskontroll i Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS. Tilrådingane i rapporten inneheldt moment som er aktuelle for alle selskap Jølster kommune er medeigar i. Saka er sendt kommunestyret for handsaming. Kommunestyret sitt vedtak i saka vil bli følgd opp i 2011.

| Postadresse | Kontoradresse | E-post | Telefon | Telefaks | Org nr. | Bankgiro |
|----------------------------|-----------------|---------------|--|-------------|-------------|---------------|
| Postboks 338 6802 FØRDE | Hafstadvegen 21 | post@sekom.no | 57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø | 57 72 20 10 | 987 631 554 | 3705.08.32571 |

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gloppen, Gaular, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

I 2010 har kontrollutvalet motteke møteinnkalling og møtereferat frå IKS Jølster kommune er medeigar i. Kontrollutvala har høve til å møte i representantskapsmøte og generalforsamlingar i selskap som er kommunalt eigde.

Kontrollutvalet har også sett i verk nye tiltak i kontrollutvalsarbeidet. Føremålet med tiltaka er å skaffe kontrollutvalet betre innsikt i drifta i kommunen, og såleis få eit betre grunnlag for å utøve tilsynsoppgåva utvalet har ansvar for.

Kontrollutvalet har i 2010 kome med tilråding om budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet. Som følge av måten sekretariat og revisjon er organisert, er det berre for drifta av kontrollutvalet det er gjeve tilråding om budsjett.

Kontrollutvalet har i 2010 gjeve fråsegn til nytt finansreglement. Fråsegna låg ved saka til kommunestyret.

Kontrollutvalet har gjeve uttale til følgjande investeringsprosjekt i 2009:

- Vassenden skule – påbygging og ombygging.
- Skei stadion kunstgrasbane.
- Astruptunet 2006-2009.
- Skei Skule – Tilbygg og ombygging –repp.per 2006-2009.
- Skei skule - Utskiifting av kjøkken.
- Utskiifting av lysarmatur med innhald av PCB.

Som faste saker på saklista har kontrollutvalet "Skriv og meldingar", "Oppfølgingsliste" og "Eventuelt".


Utover det som er omtalt ovanfor har kontrollutvalet handsama "Møteplan for kontrollutvalet 2010", "Vurdering av revisor si uavhengigheit", "Årsmelding 2009 frå kontrollutvalet" og "Årsrekneskapen 2009 for Jølster kommune".


Kontrollutvalet meiner at dei har gjennomført oppgåvene i samsvar med kommunelova § 77 og forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar når det gjeld tilsyn og kontroll med administrasjonen.

Kontrollutvalet har også gjennomført oppgåva etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 4 med å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, gjennom å handsame sak om revisor si uavhengigheit og gjennom å følgje med på det arbeidet revisor leverer i form av rapportar med meir etter tinging frå kontrollutvalet.

Skei i Jølster den 15. februar 2011.


Arne Sandnes
Leiar


Anders Eikås
Nestleiar


Håkon Bergum

| Postadresse | Kontoradresse | E-post | Telefon | Telefaks | Org nr. | Bankgiro |
|----------------------------|-----------------|---------------|--|-------------|-------------|---------------|
| Postboks 338 6802 FØRDE | Hafstadvegen 21 | post@sekom.no | 57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø | 57 72 20 10 | 987 631 554 | 3705.08.32571 |

04/11 VURDERING AV OPPDRAGSANSVARLEG REVISOR SI UAVHENGIGHEIT

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 26.01.2011

| Utval | Dato | Utv.- Saksnr. | Status | Vedtaks- organ |
|-----------------|------------|------------------|--------|-------------------|
| Kontrollutvalet | 15.02.2011 | 04/11 | - | Ja |
| Formannskap | - | - | - | |
| Kommunestyret | - | - | - | |

Saksvedlegg

Oppdragsansvarleg revisor si vurdering av uavhengigheit, datert 04.01.11.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova § 79.
Forskrift om revisjon av 15.06.2004.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Det er kontrollutvalet sitt ansvar at ansvarleg revisor kvart år dokumenterer si uavhengigheit. Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for Jølster kommune, Terje Førde, si eiga vurdering av uavhengigheit datert 04.01.2011 til vitande. Saka vert sendt til kommunestyret til orientering.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for Jølster kommune, Terje Førde, si eiga vurdering av uavhengigheit datert 04.01.2011 til vitande. Saka vert sendt til kommunestyret til orientering.

Saksutgreiing

VURDERING AV OPPDRAGSANSVARLEG REVISOR SI UAVHENGIGHEIT

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Viser til Forskrift om revisjon av 15.06.2004 § 15

Sitat:

” Den som foretar revisjon skal løpende vurdere sin uavhengighet. Oppdragsansvarlig revisor skal hvert år, og ellers ved behov, avgi en skriftlig eigenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget. ”

Saksopplysningar:

Terje Førde, oppdragsansvarleg revisor for Jølster kommune, har i brev datert 04.01.11 gjeve ei skriftleg eigenvurdering av si uavhengighet. Sjå vedlegg.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppdragsansvarleg revisor har vurdert si uavhengighet med utgangspunkt i dei objektivitetskrav som kjem til uttrykk i Kommuneloven § 79 og Forskrift om revisjon §§ 13 og 14. Det er ikkje opplysningar i eigenvurderinga som svekkar oppdragsansvarleg revisor sin tillit m.o.t uavhengighet og objektivitet overfor Jølster kommune.

| | |
|--------------------------|---------|
| SEKOM-sekretariat | |
| 04 JAN. 2011 | |
| J.nr. | 16/11 |
| Saksh. At Arkiv | Jølster |
| U.off. etter | |

Til Kontrollutvalet
i Jølster kommune

| | | | | |
|--------------|----------------------|------------|-------------|----------------|
| Dykkar ref.: | Vår ref.: | Arkivkode: | Journalnr.: | Dokumentdato: |
| | Revplan 2011\ | 216&30 | 02 / 2011 | 4. januar 2011 |
| | Erklæring2011Jølster | | | |

VURDERING AV UAVHENGIGHEIT JØLSTER KOMMUNE

Innleiing:

I følge forskrift om revisjon av 15.06.2004, § 15, skal oppdragsansvarleg revisor minimum kvart år avgje ei skriftleg eigenvurdering av sin uavhengigheit til kommunen sitt Kontrollutval.

Krav til uavhengigheit og objektivitet gjeld også for revisor sine medarbeidarar, men det er kun oppdragsansvarlege revisorar som plikter å legge fram ei skriftleg vurdering for Kontrollutvalet. I KRYSS Revisjon sine revisjonsplanar vil vurdering av uavhengigheita til kvar einskild revisor i kommunen sitt revisjonsteam, inngå som eit eige punkt i revisjonsplanen. Oppdragsansvarleg revisor sin skriftlege eigenvurdering vil ligge ved som eit vedlegg til dette punktet.

Både Kommunelova (§ 79) og Forskrift om revisjon (kap. 6) stiller krav til revisor sin uavhengigheit. Krava er nærare beskrivne nedanfor.

Lova og forskriftene sine krav til uavhengigheit:

I flg. Kommunelova § 79 og § 13 i forskrift om revisjon kan den som gjennomfører revisjonsarbeid ikkje:

1. vere tilsett i andre stillingar i kommunen eller i verksemd som kommunen deltek i
2. vere medlem av styrande organ i verksemd som kommunen deltek i
3. delta i, eller ha funksjonar i annan verksemd, når dette kan føre til at vedkomande sine interesser kjem i konflikt med interessene til oppdragsgjevar, eller på annan måte er eigna til å svekke tilliten til den som føretek revisjon
4. ha nærståande (ektefelle, sambuar, nære slektningar) som har slik tilknytning til den reviderte at det kan svekke revisor si uavhengigheit og objektivitet.

I tillegg stiller lova, § 79, og forskrifta, § 14, følgjande begrensningar:

5. revisor kan ikkje utføre rådgjevingstenester eller andre tenester der dette er eigna til å påverke eller reise tvil om revisor sin uavhengigheit og objektivitet
6. revisor kan ikkje yte tenester som høyrer inn under den revisjonspliktige (dvs. den reviderte; - kommunen, føretaket, særbedrifta, verksemda) sine eigne leiaroppgåver og/eller kontrolloppgåver

7. revisor kan ikkje opptre som fullmektig for den revisjonspliktige; - unnateke ved bistand i skattesaker, m.v., etter domstollova
8. det må ikkje ligge føre andre særleine forhold som er eigna til å svekke tilliten til revisor sin uavhengigheit og objektivitet ved gjennomføringa av revisjonsoppgåvene


Revisor sin eigenvurdering av punkta ovanfor:

| | |
|--|--|
| Pkt. 1: Tilsettingsforhold | <i>Underteikna har ikkje tilsettingsforhold i andre stillingar enn i Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord (KRYSS Revisjon).</i> |
| Pkt. 2: Medlem i styrande organ | <i>Underteikna er ikkje medlem av styrande organ i noko verksemd som kommunen tek del i.</i> |
| Pkt. 3: Delta eller inneha funksjonar i annan verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit | <i>Underteikna deltek ikkje i, eller innehar funksjonar i anna verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit til rolla som revisor.</i> |
| Pkt. 4: Nærstående | <i>Underteikna har ikkje nærstående som har tilknytning til kommunen, som har betydning for min uavhengigheit og objektivitet.</i> |
| Pkt. 5: Rådgjevings-tenester eller andre tenester som er eigna til å påverke revisor sin habilitet | <p><i>Underteikna stadfestar at det for tida ikkje vert ytt rådgjevings-tenester eller andre tenester overfor kommunen som kjem i konflikt med denne bestemmelsen.</i></p> <p><i>Før slike tenester vert utført av KRYSS Revisjon, blir det gjort ei vurdering av rådgjevinga eller tenesta sin art i forhold til revisor sin uavhengigheit og objektivitet. Dersom vurderinga konkluderer med at utøvinga av slik teneste kjem i konflikt med bestemmelsane i forskrifta § 14, skal revisor ikkje utføre tenesta. Kvart einskild tilfelle må vurderast særskilt.</i></p> <p><i>Revisor besvarer daglege spørsmål og henvendelsar som er å betrakte som veiledning og bistand i det løpande forvaltningsarbeidet i kommunen, og ikkje revisjon. Ordlyden i paragrafen seier at også slike veiledningar må skje med varsemd og på ein måte som ikkje bind opp revisor sine seinare revisjons- og kontrollvurderingar.</i></p> |
| Pkt. 6: Tenester under kommunen sine egne leiaroppgåver og kontrolloppgåver (intern kontroll, m.v.) | <i>Underteikna stadfester at det for tida ikkje vert ytt tenester overfor kommunen som høyrer inn under kommunen sine egne leiaroppgåver og kontrolloppgåver.</i> |
| Pkt. 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige | <i>Underteikna stadfester at korkje revisor eller KRYSS Revisjon for tida opptrer som fullmektig for Jølster kommune.</i> |

Pkt. 8: Andre
særlige forhold

Underteikna kjenner ikkje til andre særlige forhold som er eigna til å svekke tilliten til min uavhengigheit og objektivitet overfor Jølster kommune.

Førde den 4. januar 2011



Terje Førde

Oppdragsansvarleg Revisor i Jølster kommune

Kopi:

Jølster kommune v/Rådmannen

Jølster kommune v/Ordføraren

**05/11 RAPPORTAR FORVALTNINGSREVISJON OG SELSKAPSKONTROLL –
FULLMAKT FRÅ KONTROLLUTVALET TIL Å LEGGJE UT PÅ HEIMESIDA TIL
FKT**

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 26.01.2011.

| Utval | Dato | Utv.- Saksnr. | Status | Vedtaks- organ |
|---------------|-------------|--------------------------|---------------|---------------------------|
| Kontrollutval | 15.02.2011 | 05/11 | - | Nei |
| Formannskap | | - | - | Nei |
| Kommunestyre | | - | - | Ja |

Saksvedlegg.

- E-post frå FKT til kontrollutvalet, datert 19.11.2010

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kontrollutvalet godkjenner at Forum for Kontroll og Tilsyn får leggja ut kommunen sine revisjonsrapportar i PDF-format på heimesida si (www.ffkt.no).

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Kontrollutvalet godkjenner at Forum for Kontroll og Tilsyn får leggja ut kommunen sine revisjonsrapportar i PDF-format på heimesida si (www.ffkt.no).
- Kontrollutvalet ber om at rapportane etter eigarskapskontroll i Sunnfjord Miljøverk IKS og Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS vert sende FKT.
- Innsending av rapportar til FKT skal i kvart enkelt tilfelle avgjerast av kontrollutvalet

Saksutgreiing

RAPPORTAR FORVALTNINGSREVISJON OG SELSKAPSKONTROLL – FULLMAKT FRÅ KONTROLLUTVALET TIL Å LEGGJE UT PÅ HEIMESIDA TIL FKT

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Fullmakt til FKT om å leggje ut rapportar på heimesida deira.

Saksopplysningar:

Forum for Kontroll og Tilsyn ynskjer fullmakt frå kontrollutvalet om å få leggje ut forvaltningsrevisjonsrapportar og rapportar etter selskapskontroll på heimesidene sine.

I e-post av 19.11.2010 vert det vist til to pkt i rapporten frå KRD ”85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunane.”:

Tilråding 55: Kontrollutvala bør leggje forvaltningsrevisjonsrapportar som er ferdigbehandla ut på nettet, så fram dei er offentlege.

Tilråding 56: Det bør vera rettleiing og arenaer for erfaringsutveksling der kontrollutvala og sekretariata kan få kunnskap om korleis dei kan gjere gode tingingar.

Det vert elles vist til e-posten frå FKT for nærare informasjon.

Kontrollutvalet må ta stilling til om dei vil gje FKT fullmakt til å leggje ut Jølster kommune sine forvaltningsrevisjonsrapportar og rapportar etter selskapskontrollar på heimesidene til FKT.

Sekretariatet sine vurderingar:

006/11 OPPFØLGINGSLISTE 1-2011 JØLSTER

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 07.02.2011

| Utval | Dato | Utv.- Saksnr. | Status | Vedtaks- organ |
|---------------|------------|------------------|--------|-------------------|
| Kontrollutval | 15.02.2011 | 006/11 | - | Ja |
| Formannskap | | - | - | |
| Kommunestyre | | - | - | |

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 1-2011 Jølster.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingsliste 1-2011 vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Oppfølgingsliste 1-2011 vert teken til vitande.

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 1-2011 JØLSTER

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 07.02 2011.

Lista vil bli oppdatert fortlaupande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 1-2011 - Jølster.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Jølster kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

| Saker som er tekne opp | Dato | Merknad | Status |
|---|----------|-------------------|--|
| 22/09 Forvaltningsrevisjonsprosjekt "Vurdere nytte av omlegging innan PLO avgrensa i hovudsak til omlegging av sjukeheimplassar til omsorgsbustader" | 17.09.09 | | 29.05.09 Vedtak KU – byrje arbeid med tingsdokument for forvaltningsrevisjonsprosjekt, jfr plan for forvaltningsrevisjon. 08.09.09 Brev til Jølster k om bakgrunnsmateriell. 16.09.09 E-post frå Jølster kommune. 17.09.09 Vedtak KU – Starte arb. med tinging feb/mar 2010. 24.03.10 Brev til Jølster kommune – ber om kst-vedtak. 13.04.10 Brev frå Jølster kommune med kst.vedtak 21.04.10 E-post til Jølster kommune ber om notat frå styringsgruppa for prosjektet datert 30.05.06. 29.04.10 Motteke notat frå styringsgruppa av 30.05.06. Sjå sak 12/10 |
| 04/10 Tiltak kontrollutvalsarbeid | 15.02.10 | | 15.02.10 Vedtak KU - Orientering om drifta på dei ulike områda - Tertialrapportar. - Tilsynsrapportar frå fylkesmannen - Kvalitetsrapportar revisor - Orientering frå revisor Gjenstår brev til revisor |
| 09/10 Eventuelt | 15.02.10 | | 15.02.10 Vedtak KU – vurderer å be adm om å orientere om konsekvensar rundt etablering av asylmottak. |
| 12/10 Forvaltningsrevisjonsprosjekt "Vurdere nytte av omlegging innan PLO avgrensa i hovudsak til omlegging av sjukeheimplassar til omsorgsbustader" – problemstillingar | 07.05.10 | | 17.09.09 Vedtak KU – Starte arb. med tinging feb/mar 2010. 24.03.10 Brev til Jølster kommune – ber om kst-vedtak. 13.04.10 Brev frå Jølster kommune med kst.vedtak 21.04.10 E-post til Jølster kommune ber om notat frå styringsgruppa for prosjektet datert 30.05.06. 29.04.10 Motteke notat frå styringsgruppa av 30.05.06. 07.05.10 Vedtak KU om vidare framdrift, nytt møte 30.06.2010. 07.05.10 s. brev til KRYSS – orientert om møte. 09.06.10 Møte med KRYSS. 16.06.10 Referat frå KRYSS. Sjå sak 16/10 |
| 16/10 Forvaltningsrevisjonsprosjekt "Verknad av organisasjonsendring ved pleie- og omsorgstenesta i 2006" | 30.06.10 | Frist 30.06.2011. | 30.06.10 Vedtak KU - tinging godkjent, s kryss for operasjonalisering, ber om gj.f.pl. 30.06.10 s. KRYSS |
| 27/1 Eventuelt | 17.09.10 | | 17.09.10: Vedtak KU – KU-leiar tek kontakt med RM for å vurdere å kalle inn adm til orientering. KU-leiar tek kontakt med SEKOM. SEKOMs evt. melding til kommunen. |
| 28/10 Skriv og meldingar | 19.11.10 | | 19.11.10 Vedtak KU – teke til vitande. |
| 29/10 Rapport eigarskapkontroll Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS - Jølster kommune. | 19.11.10 | | 19.11.10 Vedtak KU – Sende over rapporten til KS for handsaming. 19.11.10 Brev- rapport sendt til KS. Ikkje handsama kst. |

| | | | |
|---|----------|--|---|
| 30/10 Finansreglement Jølster kommune – fråsegn frå kontrollutvalet | 19.11.10 | | 19.11.10 Brev – fråsegn sendt til KS. 14.12.10: Vedtak kst sak 072/10. |
| 31/10 Oppfølgingsliste 5- 2010 Jølster | 19.11.10 | | 19.11.10 Oppfølgingsliste teken til vitande. |
| 32/10 Eventuelt | 19.11.10 | | Ikkje teke opp saker under eventuelt. |
| 01/11 Skriv og meldingar | 15.02.11 | | |
| 02/11 Møteplan 2011 | 15.02.11 | | |
| 03/11 Årsmelding 2010 – kontrollutvalet. | 15.02.11 | | |
| 04/11 Vurdering av oppdragsansvarleg revisor si uavhengigheit. | 15.02.11 | | |
| 05/11 Fullmakt til FKT om å leggje ut rapportar på heimesida. | 15.02.11 | | |
| 06/11 Oppfølgingsliste 1- 2011 – Jølster. | 15.02.11 | | |
| 07/11 Eventuelt. | 15.02.11 | | |
| | | | |

Oppdatert 07.02.11.

007/11 EVENTUELT

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 07.02.2011

| Utval | Dato | Utv.- Saksnr. | Status | Vedtaks- organ |
|-----------------|------------|------------------|--------|-------------------|
| Kontrollutvalet | 15.02.2011 | 007/11 | - | Ja |
| Formannskap | - | - | - | Nei |
| Kommunestyre | - | - | - | Nei |

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

- Det vart teke opp sak om å kalle inn rådmannen for å orientere om sektor for pleie og omsorg.

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.

008/11 ORIENTERING – SEKTOR FOR PLEIE OG OMSORG

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 15.02.2011.

| Utval | Dato | Utv.- Saksnr. | Status | Vedtaks- organ |
|-----------------|------------|------------------|--------|-------------------|
| Kontrollutvalet | 15.02.2011 | 008/11 | - | Ja |
| Formannskap | - | - | - | Nei |
| Kommunestyet | - | - | - | Nei |

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Saka vart teken opp på møtet.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Rådmannen vert kalla inn til neste møte møtet i kontrollutvalet for å orientere om sektor for pleie og omsorg.
- I tillegg til generell informasjon ber kontrollutvalet om orientering rundt konsekvensar for kommunen i samband med etablering av asylmottaket på Vassenden.